

**Forslag til språkpolitiske retningslinjer
Høgskulen på Vestlandet**

Innstilling frå ei arbeidsgruppe

Stord/Bergen/Sogndal
27.11.2017

Høgskulen på Vestlandet (HVL) vart oppretta 1.1.2017 gjennom ei samanslåing av dei tre tidlegare høgskulane Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund. Den nye høgskulen har om lag 16.000 studentar og 1.800 tilsette. Styret har vedteke at Høgskulen på Vestlandet har ein klar ambisjon om at ein innan 2023 skal søkje om å verte universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Dei tre fusjonerande høgskulane hadde alle utarbeidd sine eigne språkpolitiske retningslinjer, med grunnlag i Universitets- og høgskulerådets tilråding og mal frå 2007. Dei språkpolitiske retningslinjene til HSH var frå 2013, medan HiB og HiSF først vedtok sine språkpolitiske retningslinjer våsemesteret 2016.

Mandat og oppnemning

Den nye høgskulen treng sjølv sagt også eigne språkpolitiske retningslinjer. Rektor/leiar-gruppa ved HVL fastsette derfor i august 2017 mandatet for ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide eit forslag til slike retningslinjer.

Mandat

Arbeidsgruppa skal utarbeide eit forslag til språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen på Vestlandet. Arbeidet skal byggje på:

- UH-rådets retningslinjer frå 2007
- Språkpolitiske retningslinjer for dei tre «gamle» høgskulane
- Fusjonsplattforma for HVL
- Styresak interimstyret HVL 019/16: Hovudmålforma for Høgskulen på Vestlandet
- Ei særskilt klargjering frå arbeidsgruppa om kva det inneber for HVL at hovudmålforma skal vere nynorsk, jf. styresaka ovanfor og notat frå 31.3.2016 av Georg Arnestad

Arbeidsgruppa vert sett saman av éin representant for kvar av dei tre nærregionane, pluss éin student. Innstillinga frå arbeidsgruppa skal vere klar innan 1.12.2017.

Samansetjing

Arbeidsgruppa vart sett saman slik:

- Seniorrådgjevar Georg Arnestad, campus Sogndal (sekretær og leiar)
- Førsteamanuensis (norsk) Eli Bjørhusdal, campus Sogndal
- Høgskulelektor (norsk) Morten Rønning, campus Bergen
- Informasjonssjef Svein Ove Eikenes, campus Stord
- Lærarstudent Maren Gullvåg Aasen, campus Bergen (oppnemnt av Studenttinget i midten av september)

Arbeidsgruppa har hatt tre møte: 21.8 (Sogndal), 6.10 (Bergen) og 16.11 (Skype-møte). Det har vore god aktivitet i gruppa mellom møta.

Ph.d.-student Jorunn Simonsen Thingnes har følgd arbeidet i gruppa i samband med sitt doktorgradsprosjekt ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved UiO. Formålet med studien hennar er å få meir kunnskap om kva verdi ulike språk har i norsk academia, korleis språka vert forvalta, og kva som verkar inn på denne forvaltninga. I prosjektet studerer ho konkret Høgskulen på Vestlandet og Samisk Høgskole. Thingnes har delteke på dei tre møta i arbeidsgruppa, og gjort lydopptak av møta. Ho har stått på e-postlista og fått tilsendt alle sakspapir til møta, pluss innspel og kommentarar mellom medlemmene i løpet av prosessen.

Innstillinga frå arbeidsgruppa er samrøystes.

Arbeidsgruppa har ikkje vurdert mogleg auka kostnader eller ressursbruk for HVL som konsekvens av iverksetjing av dei føreslegne språkpolitiske retningslinjene.

Opplegg av arbeidet

Oppdraget med å utarbeide eit forslag til språkpolitiske retningslinjer for HVL syntest i utgangspunktet å vere ei relativt enkel sak. Oppdraget kunne utførast ved «å slå saman» retningslinjene for dei tre gamle høgskulane, inkludere teiknspråket frå gamle HiB, og gjere ei avklaring av kva det inneber at nynorsk skal vere hovudspråket ved Høgskulen på Vestlandet.

Så pass enkelt var det likevel ikkje. Alt på første møtet i arbeidsgruppa vart spørsmålet om «parallellspråka», dvs. status for forholdet mellom bruken av norsk og engelsk i academia (og i HVL) teke opp. Også spørsmålet om oppfølging og forankring av dei språkpolitiske retningslinjene kom på bordet. Eksisterande retningslinjer synest i for stor grad å ha hamna i skrivebordsskuffa. Kvifor det?

Arbeidsgruppa valde ut frå dette å ajourføre sine kunnskapar om utviklinga av den såkalla «parallellspråksbruken». Dette gjorde vi med utgangspunkt i ferske utgreiingar på nordisk nivå om forholdet mellom nasjonalspråk og det sentrale parallellspråket, engelsk. Rapporten «*More parallel, please!*» frå mai 2017 er spesielt viktig. Denne rapporten, saman (det norske) Språkrådet si oppfølging, har lagt vesentlege føringar for arbeidet til gruppa.

Uavhengig av dette måtte arbeidsgruppa likevel kome fram til ei avklaring av nynorskens rolle ved høgskulen. Vi tok først fatt i dette arbeidet.

Nynorsken i HVL - bakgrunn

Spørsmålet om nynorskens status i den nye høgskulen vart tema tidleg i fusjonsprosessen. Det var snøgt semje om at HVL skulle vere ein «nynorsk høgskule». Fusjonsavtalen mellom dei tre tidlegare høgskulane frå mai 2016 streka under at den nye Høgskulen på Vestlandet «skal ta utgangspunkt i og byggje vidare på hovudtrekk ved vestlandsk kultur, næring og tradisjonar.» Med grunnlag i dette vart det slått fast i avtalen at «hovudmålforma for den nye institusjonen skal vere nynorsk.»

I eit notat i tilknytning til dette (31.3.2016) reflekterte Georg Arnestad kort kring språk og identitet og nokre sider ved språkstoda i vestlandsfylka. I ti korte punkt vart det her peikt på kva det kan innebere for den nye «vestlandshøgskulen» å vere «ein nynorsk høgskule.» Dei fleste av desse punkta er å finne att i styresak 019/16 i interimsstyret for HVL, som 21.10.2016 drøfta spørsmålet om hovudmålform for Høgskulen på Vestlandet.

I saksførelegget til denne styresaka vart det streka under at det er behov for å utgreie nærmare kva det inneber for HVL på kort og lengre sikt at hovudmålforma skal vere nynorsk. Det vart òg presisert at i fasen etter 1.1.2017 må ein starte arbeidet med å utvikle nye språkpolitiske retningslinjer for HVL. «Det er ein meir omfattande prosess som krev god medverknad frå heile den nye organisasjon. Her vil ein gå meir i djupna, og løfte tema som internasjonalisering, godt og klart språk, parallellspråklegheit, skrivereglar, administrasjons-språk mm.»

Det vart òg vist til mållova og kravet om at statlege institusjonar ikkje skal nytte mindre enn 25 pst. av dei to målformene (nynorsk og bokmål). I saksførelegget vart det sagt følgjande om kva det vil innebere at hovudmålforma for HVL skal vere nynorsk:

«HVL på følgjande område skal ha ein klår, bevisst og tydeleg nynorsk profil i tida framover:

- Nettsider og sosiale medium
- Rekrutteringsmateriell: Studiekatalog, annonsering mm
- Sentrale dokument: Handlingsplanar, rapport og plan, strategiar, retningsliner og forskrifter (heilt nye dokument skal vere på nynorsk, reviderte/tilpassa dokument på opphavleg målform)
- Stillingsutlysingar

Når det gjeld profilering (t.d. skilting) og namnsetjing på einingar i den nye organisasjonen, «så skal det også vera på nynorsk.» Det vart òg streka under at det overordna er at «HVL nyttar eit godt og klart språk» og at «studentar og tilsette står sjølvstøtt fritt til å nytte den målforma dei sjølve ønskjer både skriftleg og munnleg i arbeidet sitt.»

Styret tok samrøystes saka til orientering. I referatet frå styremøtet er følgjande protokollert:

Styreleiar innleia og styret sin sekretær presenterte saka. Styret var nøgd med at det er utarbeidd praktiske retningsliner for målbruk. Det vart peikt på at bruken av slike retningsliner må vere pragmatisk, og at høgskulen skal rette seg etter Språkrådet sine tilrådingar.

Innstillinga frå arbeidsgruppa

I sitt forslag til språkpolitiske retningslinjer slår arbeidsgruppa fast at Høgskulen på Vestlandet høyrer til midt i kjerneområdet for det nynorske språket. Det er særskild viktig for nynorsken, som nasjonalt er eit mindre språk enn bokmål, at sentrale institusjonar i kjerneområdet støttar opp om og er aktive brukarar av dette språket.

Med grunnlag i dette og det som går fram av fusjonsavtalen, ønskjer HVL å stå fram med ein tydeleg nynorsk profil. Høgskulen skal nytte eit godt og levande nynorsk språk i all marknadsføring, nettsider og profilerings- og rekrutteringsarbeid. Arbeidsgruppa har òg streka under at HVL må ta eit særskilt ansvar for å ta i vare og utvikle eit godt og klart nynorsk fagspråk innanfor høgskulens viktigaste fagområde. Høgskulen bør såleis aktivt stå fram og profilere seg som «nynorsk høgskulen.»

Arbeidsgruppa har presisert kva for sentrale HVL-dokument som skal vere på nynorsk. Skilting, namnsetjing og stillingsutlysingar skal òg vere på nynorsk. Når det gjeld administrasjonsspråk, legg arbeidsgruppa til grunn at all saksbehandling og saksutgreiing skjer på eit godt og klart norsk språk. Arbeidsgruppa rår til at HVL alt tidleg i perioden skipar til kurs i bruk av skriftleg nynorsk for nøkkelpersonale ved høgskulen og set i verk andre tiltak for å styrkje organisasjonens nynorskkompetanse.

Arbeidsgruppa er kjent med at HVL v/ rektor og dekan for lærarutdanninga 30.8.2017 hadde eit møte med representantar for Noregs Mållag for å drøfte ulike sider ved HVL og nynorsken. Referatet frå dette møtet peikar på sju punkt som vart drøfta. Spørsmåla om administrasjonsspråk og oppfølging av par. 1.7 i UH-lova (jf. ovanfor) er avklarte i vårt forslag til språkpolitiske retningslinjer. Dei fem andre punkta (nynorsk og lærarutdanningane, nynorskforsking, nynorsk og etterutdanning, nynorskopplæring for innvandrarak, aktuelle forsøksprosjekter) har det ikkje vore naturleg å drøfte i innstillinga om språkpolitiske retningslinjer. Desse punkta kan og bør følgjast opp i andre organ og møteplassar.

Parallellspråksbruk

Som nemnt ovanfor, står arbeidet med bruk av parallellspråk sentralt i språkpolitiske utgreiingar siste åra. Det er den sterke veksten i bruken av engelsk som ligg bak den veksande merksemda kring språkpolitikk i universitetssektoren i Norden. Dette vert summert opp slik i innleiinga til den omfattande 2014-rapporten «*Hvor parallelt: Om parallellspråkighet på Nordens universitet*». Rapporten er gitt ut av ei gruppe fagfolk frå dei nordiske universiteta:

På basis af de fem landerapporter, som udgør hver sit kapitel nedenfor i dette bind, kan man konstatere:

- at de nordiske universiteter i løbet af de sidste tyve år publicerer stadig færre videnskabelige artikler og ph.d.-afhandlinger på de lokale nordiske sprog; i stedet er det blevet langt det almindeligste at universiteterne publicerer store dele af deres videnskabelige resultater på engelsk
- at der samtidig er sket en stærk stigning i antallet af kurser på engelsk hvad enten de indgår i hele uddannelser på engelsk eller står alene og endelig
- at der er flere internationale studerende og ansatte på de nordiske universiteter nu end før.

De nordiske universiteter er med et yndet ord blevet *internationaliseret*. Med et andet og nok så dækkende ord kunne man tale om *anglificeret*. For universiteterne har alltid været internationale. Det ny er derimod at international nu sættes lig engelsk.

Det er såleis eit klart behov for språkpolitiske retningslinjer som tek denne utviklinga inn over seg og prøver å gå opp ein grensegang mellom bruken av nasjonalspråket og engelsk, både i forskning, formidling og undervisning. Vi må sikre norsk som hovudspråket vårt. Samtidig må vi stimulere til at både tilsette og studentar får ein god og solid kompetanse i engelsk. Vi ønskjer òg at internasjonale studentar og tilsette skal få rimeleg gode kunnskapar i norsk. Dette er sentrale språkpolitiske utfordringar som også Høgskulen på Vestlandet må ta innover seg.

Stortingsmeldinga om norsk språkpolitikk

Desse utfordringane vert alt peikte på i den siste, og svært fylldige, språkmeldinga, *St.meld. nr. 35 (2007-2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Meldinga slår fast at universitets- og høgskulesektoren er den «sektoren der tevlinga frå engelsk og det internasjonale fagspråket er mest påtrengjande, og der ein støyter på dei vanskelegaste dilemmaa når ein skal velja mellom norsk og engelsk» (s. 109).

Meldinga seier at den verkeleg store utfordringa vi står overfor, er korleis vi best skal handtere tilhøvet mellom engelsk og norsk, når globalisering og vitskapleg meritering dreg oss i retning av engelsk, samstundes som vi ønskjer å verne nasjonalspråket mot det ein kallar «*domenetap*», og sikre oss at vi framleis kan ha ei fagleg og terminologisk utvikling på vårt eige språk. Det er med dette for augo at institusjonane vert bedne om å utvikle eigne språkstrategiar bygde på prinsippet om parallellspråksbruk. Ein slik strategi skal fremje bruken av godt norsk språk, samstundes som den skal utvikle parallellspråket, det vil oftast seie engelsk.

Stortingsmeldinga drøftar utførleg situasjonen for engelskbruk i ulike samanhengar; forskingsspråket, undervisningsspråket og språket i læremiddel og faglitteratur. Det vert slått fast at det i dag synest

å vera allment erkjent at nærare retningslinjer for språkbruken også innanfor forskning og høgare utdanning må byggja på prinsippet om parallellspråksbruk. Dette krev at dei tilsette må stimulerast til å oppnå høg kompetanse i engelsk og andre framandspråk, samstundes med at norsk blir sikra som hovudspråk (s. 121).

Men meldinga slår klart fast at norsk skal vere hovudspråket ved norske universitet og høgskular, med unntak av Samisk høgskole, der samisk skal vere hovudspråket. Meldinga signaliserer også at regjeringa vil fremje forslag om å lovfeste at universitet og høgskular har ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk. Dette vart gjort ved lov 19. juni 2009, som ny paragraf 1.7 i Lov om universiteter og høyskoler: *Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og vidareutvikling av norsk fagspråk.*

Meldinga tek også opp «[D]et offentlege språket» (kap. 8.6). Her heiter det at det offentlege har eit særleg ansvar for å stå fram som eit godt føredøme når det gjeld å bruke eit godt og klart språk. Språket skal vere «korrekt og ordentleg», samstundes som det skal vere forståeleg, «slik at det kommuniserer på ein formålstenleg måte med dei aktuelle målgruppene» (s. 186). Det offentlege har her eit særansvar. «Arbeidet for eit korrekt og vel fungerande språk i offentlig forvaltning må såleis stå sentralt i den språkpolitiske offensiven i åra framover» (s. 187).

Arbeidsgruppa tek dei tydelege signala i stortingsmeldinga til vitende. Dette vert avspegla i forslaget til språkpolitiske retningslinjer. Det gjeld både det meldinga seier om parallellspråksbruk, og det som vert sagt om «å bruke eit godt og klart språk, og arbeide for «eit korrekt og vel fungerande språk». «*Klarspråk*», både på nynorsk, bokmål og engelsk, bør vere eit kjenneteikn ved den skriftlege kommunikasjonen til HVL.

Dagens retningslinjer

I gjeldande språklege retningslinjer for dei fleste norske universitet og høgskular er tilhøvet mellom nasjonalspråket og engelsk naturlegvis teke opp, men ikkje i særleg grad problematisert. Det same gjeld det ansvaret institusjonane har for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk. Sektoren har vore lite oppteken av å drøfte kva som ligg i dette ansvaret. UH-sektorens (moglege) ansvar for bruk av «eit godt og klart språk» er også sjeldan på dagsorden.

Som nemnt, har det dei seinare åra vorte arbeidd mykje med slike spørsmål på nordisk nivå. Gjennom Nordisk ministerråd er det blant anna utført eit omfattande nordisk prosjekt om parallellspråksbruk. Det starta alt i 2006 med eit møte mellom dei nordiske ministrane for utdanning og forskning. Dei utforma då ein felles nordisk deklarasjon om språkpolitikk. Det første avsnittet i denne deklarasjonen handlar om parallellspråksbruk mellom engelsk og dei nordiske språka. Dette er forklart slik i deklarasjonen: «*med parallelsproglighed menes en samtidig anvendelse af flere sprog inden for et eller flere områder. Det ene sprog fortrænger eller erstatter ikke det andet, men sprogene anvendes parallelt.*» Deklarasjonen strekar òg under at så vel Nordens «samfundsberende sprog som engelsk bør kunne anvendes som videnskabelige sprog», og at formidling «af videnskabelige resultater på Nordens samfundsberende sprog bør være meriterende.» Universiteta vert også bedne om å utvikle langsiktige strategiar for språkval, parallellspråksbruk og språkundervisning.

Noko seinare vart det løyvd pengar til etablering av eit nettverk om parallellspråksbruk ved dei nordiske universiteta. Dette resulterte i ein omfattande rapport «*Hvor parallelt: Om parallellspråkighet på Nordens universitet*», som vart lagt fram i 2014. Her gjekk det fram at engelsk alle stader i det «universitære landskab var på hastig fremmarch», men òg at det var store ulikskapar mellom faglege område, mellom fag innanfor same fagområde og mellom dei ulike formene for akademisk verksemd (undervisning, forskning og formidling). Rapporten gjer opp status og kjem med forslag til tiltak. Landsrapportar med status for forholdet mellom

engelsk og nasjonalspråket i dei fem nordiske landa utgjorde størstedelen av boka. Desse rapportane er òg gjevne ut som eigne publikasjonar. Som nemnt ovanfor, konstaterte denne utgreiinga at det har skjedd ei omfattande «*anglifisering*» ved dei nordiske universiteta.

«*More parallel, please!*»

Våren 2014 tok Ministerrådet (i Nordisk Råd) initiativet til ei gruppe som delvis var samanfallande med nettverksgruppa ovanfor, som skulle arbeide vidare med denne saka. Den nye gruppa skulle mellom anna kome med tilrådingar om god to- eller fleirspråkleg praksis basert «på dokumentert praksis fra utvalgte institusjoner.»

Tilrådinga frå denne gruppa vart lagt fram 5. mai 2017 under konferansen «*More Parallel, please!*» på Nasjonalbiblioteket i Oslo. Dette var òg tittelen på rapporten. Universiteta vert i rapporten oppmoda om å tenkje internasjonalisering og språkpolitikk saman for å styrkje kvalitet og effektivitet i undervisninga, forskinga og administrasjonen. Tilrådingane har vekt på «både og» snarare enn eit «enten eller». Rapporten drøftar språklege val i ulike samanhengar, og kva for krav som bør stillast til den språklege kvaliteten og kompetansen hos tilsette og studentar. Gruppa foreslår at språkpolitikken ved universiteta vert følgd vidare opp, og at ein etablerer språksenter ved universiteta som mellom anna skal utvikle kurs og tilby språkressursar på bakgrunn av behovsanalysar.

I pkt. 1 av dei 11 tilrådingane vert det streka under at «*Alle universiteter bør have en sprogpolitikk* som tænkes sammen med universitetets internationaliseringspolitikk og forholder sig både til de nationale sprogpolitiske rammer og til universitetets rolle i dets lokale samfund, hvordan dette end defineres». Språkpolitikken vert definert som «et offentligt tilgjengelig dokument» som slår fast dei overordna prinsippa for bruken av språk til forskjellige formål på eit universitet. Den skal vere basert på ein føreåtgåande diskusjon på alle nivå, og skal «vedtages af og eksplicit forankres i ledelsen så den konstant får dennes opmærksomhet».

I pkt. 2 vert det foreslått at kvart universitet opprettar ein språkpolitisk komité eller eit språkpolitisk utval som skal følgje med korleis språkpolitikken vert gjennomført i praksis, og samtidig fortløpande revidere denne politikken. I pkt. 3 vert institusjonane bedne om å opprette eller styrkje (eit) alt eksisterande språksenter, som mellom anna har i oppgåve å utvikle relevante språkkurs, kvalitetssikre desse og ha ansvaret for digitale språkstøtteressursar. Pkt. 4-6 inneheld forslag om kva for typar kurs som kan tilbyast dei ulike gruppene ved universitetet, pkt. 7 tek føre seg tilrettelegging av undervisningsspråket, mens pkt. 8 omhandlar språket til administrasjonen. Pkt. 9 gjeld val av publiseringsspråk for forskingsresultat, pkt. 10 formidlingsverksemda ved universitetet, og pkt. 11 slår fast at språkpolitikken også må innehalde planar for oppbygging av digitalt tilgjengelege språkressursar.

Den andre delen av rapporten har utførlege presiseringar rundt prosess og gjennomføring av kvart av dei elleve punkta. Rapporten vert avslutta med ei oppmoding til universiteta om å tenkje internasjonalisering og språkpolitikk saman med formålet om å gjere kvaliteten og effektiviteten betre når det gjeld undervisning, forskning og administrasjon. Arbeidsgruppa er «af den faste overbevisning at det på mangfoldige måder vil betale sig at gennemføre de anbefalinger vi her har givet».

Språkrådets oppfølging

Denne rapporten har så langt ikkje vekt særleg merksemd i akademia i Noreg. Det finst til dømes ingen informasjon om dette viktige arbeidet på heimesidene til Universitets- og

høgskulerådet. Derimot har Språkrådet teke fatt i saka. I Klassekampen 16.8.2017 skreiv direktøren i Rådet, Åse Wetås, artikkelen «*Råd for språklig balansekunst*», der ho viser til at det i heile Europa føregår ein diskusjon om «de lokale språkene kontra engelsk innenfor høyere utdanning». Det eine språket erstattar eller fortrengrer ikkje det andre, men dei to språka utfyller kvarandre. «Nøkkelen til fornuftige språkvalg er å bruke det språket som til enhver tid tjener formålet best», skriv Wetås. Ho viser òg til at Språkrådet i to år (2015-17) samarbeidde med NHH for å utvikle ein modell, eller ein mønsterpraksis som dei kalla det, for korleis forskings- og utdanningsinstitusjonane kunne handtere denne balansegangen.

NHH er den institusjonen i Norge som har kome lengst når det gjeld internasjonalisering, samtidig som det der også er høgt medvit om at studentane treng eit norsk fagspråk for å lykkast i det norske arbeidslivet. I arbeidet med mønsterpraksisen blei det gjort ei kartlegging av språkbruken ved institusjonen. Hovudfunna var (NHH 2017):

- Tilsette og studentar ønskjer at ikkje-norskspråklege tilsette lærer seg så godt norsk at dei kan følgje ein samtale og lese norsk tekst.
- Mange ikkje-norskspråklege tilsette ønskjer seg betre kompetanse i norsk. Med betre norskkompetanse vil desse blant anna kunne forstå spørsmål på norsk frå studentane, mens dei vil kunne svare på engelsk. Dei vil òg kunne følgje norsk samtale i eit møte, men delta i samtalen på engelsk.
- Studentar og norskspråklege tilsette har behov for å betre engelskkunnskapane sine.
- Arbeidsgjevarar og tidlegare studentar har behov for å beherske både norsk og engelsk i arbeidslivet.

NHH vil, bl.a. ut frå dette, tidleg i 2018 starte arbeidet med å revidere sine gjeldande språkpolitiske retningslinjer.

Språkrådsdirektør Wetås gjev i den nemnde artikkelen i Klassekampen eit kortfatta oversyn i fem punkt over dei konkrete språkpolitiske råda som den nordiske ekspertgruppa kom med til institusjonane i universitets- og høgskulesektoren:

1. Institusjonen må ha en språkpolitikk. Språkpolitikken skal slå fast overordnede prinsipper for bruken av språk til ulike formål på institusjonen. En slik språkpolitikk finnes allerede ved de fleste norske universitetene og høyskolene. Utfordringen framover er å hente den opp av skrivebordsskuffen og ta den i bruk.
2. Institusjonene må ha et språkpolitisk utvalg med ansvar for å gjennomføre språkpolitikken.
3. Det må etableres språksentre som kan gjennomføre språklige støttetiltak som kurs, oversettelse og korrektur og utvikle digitale ressurser for språklig støtte.
4. Ansatte og studenter må få tilbud om språkkurs etter behov.
5. Valg av undervisningsspråk må tjene formålet med studiet. Både studentene og foreleserne må mestre det språket som velges. Studentene må settes i stand til å mestre det fagspråket de vil trenge i arbeidslivet.

Wetås streka under at Språkrådet sterkt tilrår at dei høgare utdanningsinstitusjonane i Noreg legg denne kunnskapen til grunn når dei skal utforme ein eigen språkpraksis. Dei språklege vala i academia er for viktige til å overlatast til tilfeldighetene.

Språkstatus

I publikasjonen «*Språkstatus 2017*» skriv Språkrådet i innleiingskapitlet «Status for det norske språksamfunnet»:

Norsk språk treng betre levekår innafor den høgare utdanningssektoren. Engelsk står sterkt i forskning, og i somme fag er engelsk så dominerande at det knapt finst skriftlege kjelder som inneheld norsk fagspråk. Som undervisningsspråk ved norsk institusjonar er engelsk på kraftig frammarsj, først og fremst på masterstudia, men i stigande grad òg på bachelornivå.

.....

.....
Språkrådet meiner det hastar med å utvikle arbeidsmåtar ved universiteta og høgskulane som gjer at arbeidet med norsk fagspråk skjer langt meir systematisk enn i dag. Dette er ei lovpålagt oppgåve alle institusjonane har, men som det ser ut til at ikkje alltid blir høgt prioritert.

Språkrådet skriv òg at det er usikkert om dei nye (fusjonerte) einingane i UH-sektoren har utarbeidd språklege retningslinjer. Det vert vidare peikt på sektoren har sterkare føringar for meir internasjonalisering enn for ivaretaking av norsk språk.

Språkrådet har nyss nemnt opp eit ekspertutval som skal «identifisere de viktigste innsatsområdene for å sikre at norsk språk er i bruk på alle samfunnsområder i framtida.» Utvalet, med sju medlemmer, vert leia av professor Unn Røynealand ved Senter for flerspråkligheit ved UiO. Også NTNU og UiT er representerte i utvalet, som skal levere ein ferdig rapport innan 15.8.2018. På Språkdagen 15. mars 2018 skal utvalet «gi en presentasjon av sentrale satsingsområder for en framtidig norsk språkpolitikk».

Dei siste åra har det altså vore arbeidd mykje med spørsmålet om «parallellspråksbruk» innanfor universitetssektoren i Norden. Det er laga fleire utgreiingar og innstillingar. Bak dette ligg ei omfattande internasjonalisering av høgare utdanning og forskning, med ein sterk vekst i bruken av engelsk på dei fleste område. Det har skjedd ei betydeleg «anglifisering» av dei nordiske universiteta. I aukande grad skjer dette også ved dei statlege høgskulane i Noreg.

Både språkmeldinga frå 2008 og Språkrådet (2017) oppmodar UH-institusjonane om å ta språkspørsmålet meir på alvor enn det som tidlegare har vore tilfellet. Ei undersøking frå 2013 synte at berre 26 pst. av dei tilsette ved UH-institusjonane i Noreg visste at institusjonen dei arbeidde ved, hadde eit språkpolitisk dokument. Det er liten grunn til å tru av situasjonen var «betre» ved dei tre høgskulane som har fusjonert til Høgskulen på Vestlandet.

Hovudpunkt i retningslinjene

Med bakgrunn i det som er beskrive ovanfor, bestemte arbeidsgruppa seg for å utarbeide eit forslag til språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen på Vestlandet som er i samsvar med dei prinsipp og forventningar som siste tida har kome til uttrykk i dei relevante nordiske utgreiingane og frå det norske Språkrådet. Vi har særleg lagt vekt på tilrådingane i rapporten «*More parallel, please!*» og på Språkrådets oppfølging av denne rapporten, så langt. Arbeidsgruppa har òg henta idear og tankar frå dei gjeldande språkpolitiske strategiane ved Háskóli Íslands, Helsingfors Universitet og Københavns Universitet.

Arbeidsgruppa meiner at Høgskulen på Vestlandet skal vere ein språkpolitisk ambisiøs høgskule. Lokaliseringa av høgskulen midt på Vestlandet spreidd over tre fylke i ein utovervendt region med sterk forankring i vestnorsk kultur, næring og tradisjonar gir ein solid grobotn for dette. Å ta i vare og aktivt bruke det vestnorske fellesspråket, nynorsken, skal vere ei vesentleg og prioritert oppgåve for Høgskulen på Vestlandet.

Forslaget om språkpolitiske retningslinjer er lagt opp med dette utgangspunkt. Språket er den viktigaste arbeidsreiskapen ved høgskulen. Det er ei samfunnsplikt for høgskulen å sjå til og ta ansvaret for at den språklege kvaliteten er god ved alt skriftleg arbeid som vert utført ved høgskulen. Dette gjeld både nasjonalspråka nynorsk og bokmål og det mest brukte parallellspråket, engelsk. Høgskulen skal ha som ambisjon å verte eit språkleg føredøme for norske universitet og høgskular.

Forslaget til språkpolitiske retningslinjer kviler på følgjande hovudpunkt:

- HVL skal stå fram med ein tydeleg nynorsk profil
- HVL skal ta eit særskilt ansvar for å halde ved like og vidareutvikle eit nynorsk fagspråk innanfor dei profesjons- og arbeidslivsretta faga og utdanningane
- «Klarspråk» skal vere eit kjenneteikn ved den skriftlege kommunikasjonen ved HVL
- HVL skal vere ein høgskule med ei høveleg og tydeleg arbeidsdeling og ein god balanse mellom bruken av nasjonalspråk (nynorsk, bokmål) og parallellspråk (engelsk) i utdanning, forskning og formidling
- Å halde oppe denne parallellspråklege balansen krev opplærings- og støttetiltak både i norsk og engelsk for ulike grupper tilsette og studentar ved HVL
- HVL vil leggje til rette for norsk som eit fullverdig vitenskapleg publiseringsspråk
- Større bruk av engelsk og eit veksande tal tilsette og studentar frå ikkje-nordiske land ved HVL aukar behovet for relevant språk- (og kultur)opplæring på fleire nivå i organisasjonen
- Det er avgjerande viktig at dei språkpolitiske retningslinjene vert følgde opp. Eit eige språkpolitisk utval på leiarnivå skal ha ansvaret for dette, saman med eit eventuelt språksenter (e.l.) ved HVL.

Vi viser elles til det vedlagte forslaget om språkpolitiske retningslinjer.

Oppfølging av retningslinjene

Dei språkpolitiske retningslinjene er og skal vere eit overordna og strategisk dokument for Høgskulen på Vestlandet. Nynorsk skal vere hovudmålforma ved HVL. HVL har derfor ei særleg plikt med å leggje til rette for at tilsette (særleg) og studentar får/skaffar seg dei nødvendige kunnskapane i skriftleg nynorsk.

Arbeidsgruppa vil avslutningsvis peike på nokre tiltak som etter vårt syn på kort sikt er viktige i arbeidet med å realisere språkstrategien:

1. Strakstiltak

- Alt tidleg i perioden må HVL tilby kurs i skriftleg nynorsk. Det finst fleire gode kurs her med ulike kurshaldarar. Kurset bør i første omgang vere eit tilbod til sentrale sakshandsamarar og utvalde leiarar ved HVL. Det er for administrativt tilsette, så snart som råd er, det er størst behov for særlege styrkingstiltak når det gjeld god nynorsk språkføring. Ein god start for HVL som forpliktande nynorskinstitusjon, er gull verdt.
- Boka til Magne Rommetveit «*På godt norsk*» må vere lett tilgjengeleg for tilsette ved høgskulen, særleg for administrativt tilsette. Denne boka inneheld 9.000 oppslagsord og er ei god handbok for både nynorsk- og bokmålsbrukarar som ønskjer å skrive eit presist, enkelt og levande nynorsk. Forlaget (Samlaget) har ingen planar om ei digital utgåve av boka.
- HVL bør få utarbeidd eit sett med enkle skrivereglar for godt norsk språk, både bokmål og nynorsk, slik fleire andre offentlege institusjonar har gjort det; jf. til dømes fylkesmannsembeta på Vestlandet. Det kan her vere tilstrekkeleg for HVL å låne/kopiere skrivereglar som andre har utarbeidd.
- Studenttinget må i samråd med HVL kartleggje og kvalitetssikre om studentar får tilstrekkeleg opplæring og kurs i nynorsk og engelsk

2. Andre tiltak

- Nettsidene til HVL bør på internframsida ha godt synlege lenkjer til ulike språklege ressursar på nett, minimum nynorsk- og bokmålsordlista til Språkrådet og Norsk tegnordbok.
- HVL bør sørge for at studentane tidleg i studieløpet får tilbod om kurs i akademisk skriving på norsk.
- Når det gjeld engelsk, er det for alle kategoriar; studentar, fagtilsette og teknisk-administrativt tilsette, også behov for *munntleg* språkopplæring; alle gruppene treng å verte betre og tryggare i engelsk munnleg. Det gjeld sjølvstøtt fagleg «preik» og fagspråk, men også det å kunne beherske «small-talken».
- Det må tidleg avklarast internt kva for delar av språkopplæringa og språkkursa som skal delegerast til fakultets- og eventuelt instituttnivået. Ein kan òg tenkje seg ei organisert språkopplæring på campus-nivå, særleg for administrativt tilsette. Kanskje òg for studentar?
- Høgskulen må i løpet av relativt kort tid finne ei tenleg ordning for administrativ forankring av arbeidet med utvikling av ulike typar språkpolitiske tilbod og kurs
- Arbeidet med å realisere målsetjinga om «klarspråk» ved HVL må knytast opp mot aktiv bruk av Klarspråk-sidene til Språkrådet. Her er mange gode språklege hjelpemiddel og tips.

Kjelder

- *Deklaration om nordisk språkpolitik*, Nordisk Ministerråd, København, 2006
- *St.meld. nr. 35 (2007-2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kulturdepartementet, 2008
- Frans Gregersen (red.): *Hvor parallelt: Om parallellspråkighet på Nordens universitet*. TemaNord 2014:535. Nordisk Ministerråd, 2014
- *More parallel, please! Sprogbrug i internationaliseringsprocesser*. Nordisk gruppe for parallellspråkighet, 2017
- *Parallellspråk*. Rapport frå ei arbeidsgruppe ved NHH, 2017
- *Språkstatus 2017*. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet. Språkrådet, 2017

Vedlegg

Uttrykket parallellspråksbruk

(slik det er beskrevet i *St.meld. nr. 35 (2007-2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, s. 98.)

Uttrykket parallellspråksbruk, også omtalt som parallellspråklegheit, vart opphavleg utmynta av ei tidlegare språkpolitisk referansegruppe under Nordisk råd.

Med dette som utgangspunkt har omgrepet vore utlagt som ei systematisk sidestilling av to eller fleire språk i akademisk samanheng, som eit slags generelt språkpolitisk prinsipp med lange historiske røter. Tanken er at ein vil satsa på både engelsk og nasjonalspråket, slik at dei blir nytta parallelt.

Strategien parallellspråksbruk inneber ein mellomposisjon som er meint å byggja ned dei skarpe frontane mellom dei som kjenner sterk uro på vegner av norsk språk, og dei som går entusiastisk inn for mest mogleg engelsk. I staden for anten norsk eller engelsk er det altså no tale om både norsk og engelsk. I kjølvatnet av dette må ein også stilla spørsmålet om når og i kva samanheng det eine eller det andre av dei to språka skal brukast.

Parallelliteten, at dei to språka skal brukast side om side, ligg altså innebygd i sjølve den språklege nemninga. Men det at to (eller fleire) språk skal brukast side om side, seier ikkje nødvendigvis noko om kor mykje kvart av dei skal brukast. Korleis bruksfordelinga vil vera, kan difor variera innanfor eit parallellspråkleg domene.